

## Kvifor Folkelista – og kva vil vi

Dei siste periodane har bore preg av eit politisk klima som ikkje har vore godt for Hareid kommune. Krangel og ”springing til pressa” for den minste fillesak, har nesten vore ein regel for mange politikarar. Offentleg debatt må vi ha i eit demokrati, men det må gå på sak og ikkje person. Vi meiner at fleire av utspela dessutan botnar i eigne markeringsbehov, og ikkje i omtanken for Hareid kommune. I tillegg har det vore ført ein konfronterande politikk mot store deler av innbyggjarane i kommunen. Mange har difor etterlyst eit alternativ til det etablerte politiske miljøet.

Programmet til Folkelista har lege ute på nettet ei tid, [www.folkelista.com](http://www.folkelista.com), så mange er kanskje alt kjende med innhaldet. Folkelista har sett seg grundig lei all krangelen som har vore, og vil difor stake ut ein ny politisk kurs, der **samarbeid** og **samhald** er viktige element. Fleire av dei politiske partia/grupperingane har siste perioden neglisjert desse omgrepa.

Folkelista har lagt ned mykje arbeid i å utarbeide eit kort og tydeleg program, som veljarane lett kan setje seg inn i. Det er såleis ein medviten strategi som ligg bak programmet. Ser vi på dei tradisjonelle partiprogramma før siste val, er det i mange program skrive side opp og side ned med alt slags valflesk, som vart fort gløymt då den politiske kvardagen tok til. Folkelista legg seg difor ikkje på den lina. Programmet vårt inneheld femten punkt som vi særskilt skal ha fokus på. Det vil sjølvsagt ikkje seie det same som at vi ikkje skal arbeide med andre saker!

Ser ein på vallista og programmet vårt, oppdagar ein snøgt at vi har eit fullverdig program som ikkje berre konsentrerer seg om enkeltsaker. I tillegg har ingen andre lister så god geografisk spreing som Folkelista. Vi er dessutan den einaste lista som ikkje har kumulert nokon. Veljarane skal få vurdere kandidatane fritt, og avgjere sjølve kven dei vil velje inn i det nye kommunestyret, utan at det er lagt føringar på førehand. Det er etter vårt syn mest demokratisk og i god, gammal Hareids-tradisjon.

Folkelista meiner også det er ei avsporing å fokusere på ordførar. Dette er ikkje noko ordførarval. Vi har valt å konsentrere oss om sakene, utan å gjere ordførarspørsmålet til noko tema. Det Hareid kommune treng no, er gode lagspelarar og ikkje rop om ein ”sterk mann”. Samstundes er vi heilt klare på at dersom Folkelista får stor nok tillit frå veljarane, tek vi ansvar også med tanke på ordførar.

Like viktig som valprogrammet, er grunntankane som ligg bak. Sjølve berebjelken er at ein skal arbeide for levande, likeverdige bygdelag, som ikkje på noko vis skal setjast opp mot kvarandre. Vi må halde på særpreget til Hareid kommune med levande bygder og eit sterkt sentrum med dei funksjonane som det bør ha. Ein annan grunntanke er at einskildmennesket ikkje skal føle at det blir ”overkøyr” av byråkratiet eller det politiske miljøet. Politikken vår skal vere nøktern og ansvarleg, som ikkje lovar gull og grønne skogar til alt og alle. Primær oppgåvene skal liggje i botnen for alle økonomiske prioriteringar.

Dersom du meiner kommunen treng ein ny politisk kurs, så bør du velje Folkelista. Vi kjem til å ha stand i Hareid sentrum kvar laurdag frametter til valet. Der kan du få program og bilmerke, og ikkje minst slå av ein prat med listekandidatane. Vel møtt!

**Folkelista for Hareid kommune**